

MØTEPROTOKOLL

KONTROLLUTVALET I LESJA KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Mandag 10. mars 2025	Kl. 09.00-13.00	Kommunestyresalen

Til stades:

Medlemmer: Elin Randi Johnson (leiar), Anders Norderhus (nestleiar), Rune Møller, Per Holseth, Torild Visnes Leirmo
Varamedlem: Ola Sylte Einbu (for Anders Norderhus)
Andre: Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG
Mariann Skotte, ordfører, dialogmøtet
Per Dag Hole, kommunedirektør, sak 13/25 og dialogmøtet

Saker som vart handsama:

Sak 11/25 Protokoll og referatsaker
Sak 12/25 Rutine for verksemdsbesøk
Sak 13/25 Orienteringar
Sak 14/25 Planlegging av verksemdsbesøk

Andre opplysningar:

Møteinncalling: 3. mars 2025
Møteleiar: Elin Randi Johnson
Referent: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

Underskrifter:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 11/25-14/25 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

 Torild Visnes Leirmo

Utskrift:

Protokoll går til: Kommunen, kontrollutvalet, Innlandet Revisjon IKS og SKNG si heimeside.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
10.3.2025	112/2025	11/25 - 14/25	Elin Marit Andgard, SKNG

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Ola Sylte Einbu møter for Anders Norderhus.

Per Holseth har meldt gyldig forfall, og det lukkast ikkje med å skaffe vara.

Dialogmøte med ordførar, kommunedirektør og kontrollutvalet

Formålet med møtet var å dele informasjon og drøfte samhandling.

Kort oppsummering

- Ordførar innleia med å seie seg glad for eit aktivt kontrollutval som følgjer med samt at ordførarane i 6K har drøfta kontrollutvalets rolle.
- Samtale om kontrollutvalets rolle og ansvar og utvalets forhold til kommunedirektør og kommunestyret. Bakgrunnen for dette var oversendt sak frå kontrollutvalet til kommunestyret i november-24 om m.a. arbeidsmiljøet.
- Kommunedirektøren oppfordra utvalet til å gjennomføre verksemdsbesøk og sjå korleis tenestene blir utført. Kommunen leverer gode tenester og folk står på.
- Kommunedirektøren informerte om:
 - Status internkontroll: Systemet er oppe og går, men er ikkje heilt i mål. Gjennomfører ROS-kartlegging nå. Forankre kunnskap og praksis på alle nivå.
 - Månadlege møter med tillitsvalgte.
 - Førebur arbeidsmiljøundersøkelser.
- Sekretariatet sa at orienteringar frå administrasjonen er vesentlege for utvalet, men balansere dei mot ressursbruken. Dialog og konkrete bestillinger er viktig.
- Samtale om oppfølging av forvaltningsrevisjonar.

Dette vart avtalt:

- Kontrollutvalet, m.a. utvalets rolle og samspel mellom utval og kommunestyret, som tema på folkevalgtopplæring.
- Kommunedirektør følgjer opp kommunens rutiner og informasjon til utvalet om tilsyn fordi ikkje alle tilsynsrapporter ligg i statsforvalterens tilsynskalender.
- Kontrollutvalsmøter burde vore med på kommunens møteplan.
- Om det blir gjennomført forvaltningsrevisjon innan helse og omsorg, er det viktig å drøfte prosess og prioritering.

Sak 11/25 Protokoll og referatsaker

Protokoll 5. februar 2025

Møteprotokoll var sendt ut 3.3.25.

Referatsaker

- * Kommunestyrets vedtak 20.2.25 PS-sak 10/25 – til kommunestyret fra kontrollutvalget (kontrollutvalets tilråding av tiltak, sak 31/24).
- * Kommunestyrets vedtak 20.2.25 PS-sak 8/25 – Forvaltningsrevisjonsrapport om IKT-sikkerhet
- * Status foranalyse om evt. forvaltningsrevisjon
- * Brev datert 25. februar 25 med overskrifta "Arbeidsmiljø og leiing – nok ein gong", underteikna med "fleire anonyme tilsette"
- * E-post frå tilsett i Lesja kommune 9. mars: "Avisoppslag GD 7.3.25"

Eventuelt og "ope post"

- Førebuing dialogmøte
- Opplæring i kontrollutvalet: m.a. offentleglova

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 5. februar 2025 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.

Handsaming

Kontrollutvalet gjekk gjennom og drøfta referatsaker.

Kontrollutvalet kom med sameint tilleggsforslag: Kontrollutvalet vil følge med at kommunestyrets vedtak i PS-sak 10/25 blir gjennomført, ut frå utvalets på-sjå-ansvar.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 5. februar 2025 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.

Kontrollutvalet vil følge med at kommunestyrets vedtak i sak 10/25 blir gjennomført, ut frå utvalets på-sjå-ansvar.

Sak 12/25 Rutine for verksemdsbesøk

Vedlegg

- Rutine for verksemdsbesøk

Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i sak 10/25 å be sekretariatet legge fram forslag til retningslinjer for verksemdsbesøk.

Fakta

Verksemdsbesøk er eit av fleire måter som kontrollutvalet kan føre kontroll på. Kontrollutvalsboka omtalar på side 32-22 besøk i kommunale verksemd, foretak og selskap, og tilrår at kontrollutval utarbeider prosedyre for slike besøk.

Forslag til tiltak

Kontrollutvalet vedtek framlagt forslag til rutine for verksemdsbesøk.

Handsaming

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek framlagt forslag til rutine for verksemdsbesøk.

Sak 13/25 Orienteringar

Bakgrunn

Orienteringar er eit av kontrollutvalets verktøy for å føre kontroll med kommunen. Gjennom orienteringar blir utvalet kjent med kommunens verksemd og kan på bakgrunn av desse vurdere om det er behov for oppfølging.

Det er viktig at kontrollutvalet følgjer med på tilsyn fra andre instansar, m.a. skal forvaltningsrevisjonar og tilsyn koordinerast.

Fakta

Det er bede om at kommuneadministrasjonen orienterer om følgjande tema:

- Tilsyn Skoglund 27.1.25
- Rutiner for journalføring av dokumenter vedr tilsyn og vurdering av lovheimel for å unnta dei offentlegheit

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.

Handsaming

Orientering ved kommunedirektør Per Dag Hole og HR-rådgjevar Dagfinn Rognerud. Pga tekniske problem fall orienteringa bort.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om å få oversendt tilsynsrapport frå Skoglund og rutiner for journalføring (tilsyn og vurdering av offentlegheit), etterfulgt av muntleg orientering i eit seinare møte.

Sak 14/25 Planlegging av verksemdsbesøk**Bakgrunn**

Kontrollutvalet har vedtatt å besøke Lesjaskog friluftsbarnhage. Rutine for slike besøk er vedtatt i sak 12/25.

Handsaming

Kontrollutvalet drøfta om det er bestemte tema det ynskjer å ha fokus på, kven utvalet ynskjer å møte, ynskje om tilsendte dokument i forkant osv.

Vedtak

Kontrollutvalet ber sekretariatet lage forslag til besøksplan ut frå det som vart drøfta i møtet.